

Årsmelding

2018



Modalen kommune

## Innhold




Rådmannen	side 3
IKT	side 14
Økonomi og rekneskap	side 30
Kulturkontoret	side 27
Modalen folkebibliotek	side 29
Sosialtenesta	side 30
Pleie- og omsorgstenesta	side 31
Helsecenteret	side 34
Mo skule	side 39
Modalen barnehage	side 42
Teknisk etat	side 46

## Rådmannen

Årsmeldinga er ei tilbakemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at me har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafor dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Den administrative organiseringa og samsvarande økonomisk rammeområde låg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2018. Hausten 2018 er organiseringa endra med plassering av kultur og bibliotek under Kundetorget. Dette gjev ei meir fleksibel utnytting av ressursane, samstundes som både kulturkonsulent og biblioteksjef vert ein del av eit kollegialt felleskap og ikkje sit åleine med med sine oppgåver og sitt ansvarsområde. Organisasjonskartet under viser organiseringa i kommunen ved utgangen av 2018.



Rådmannen meiner vi har ei god administrativ organisering slik det fungerer i dag. Leiargruppa samhandlar godt, utvekslar erfaringar og yter kvarandre hjelp på tvers av eigne ansvarsområde.

Men rådmannen vil også peika på dei utfordringar som kom fram i leiargruppa sine eigenvurderingar av ulike tenesteområde i forbindelse med kommunereformprosessen. Her vart det mellom anna peika på at vi stort sett berre har ein person innan kvart fagområde / ansvarsområde, og ofte har denne personen fleire roller. Dette gjer oss sårbarare ved lengre fråvær og ved større utskifting av personell.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljø og personalpolitikk, område som er viktige i alle organisasjonar. Det er kjøpt ulike tenester frå Bedriftshelsetenesta for å gjennomføre HMS-tiltak som vart planlagt for 2018. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå

Politisk er det ikkje utarbeidd nye reviderte resultat og utviklingsmål etter dette.

Rådmannen har internt i leiargruppa sett fokus på mål og resultatvurdering i organisasjonen. I budsjett / økonomiplan for 2018 sette einingsleiarane opp konkrete utviklingsmål for kvart tenesteområde. Desse måla dannar grunnlaget for evaluering av målopnaing i denne årsmeldinga.

I samsvar med dette har einingsleiarane gjeve sine tilbakemeldingar i høve fastsette mål i budsjettet for 2018 saman med skildring av sine tenesteområde.

**Rådmannen - Mål for 2018:**

1. Gjennomføre ei tett oppfølging av og samordne tilrettelegginga for dei flyktningane kommunen har teke imot i 2016. Slik det ser ut no vert ikkje kommunen bedd om å ta i mot flyktningar i 2018.

Gjennomført. Kommunen har personalressurs som er sett av til dette føremålet, og som har tett oppfølging av flyktiningane, og er med på å tilretteleggje for dei. Kommunen var førebudd på å ta imot inntil 5 nye flyktningar i 2018, men på grunn av den sterke reduksjonen av flyktningar til landet vart ikkje Modalen beidd om å busetje nye flyktningar.

2. Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon frå/til kommunen. Halde fram utviklinga av kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen.

Gjennomført. Svar –ut vart klar til bruk, og skal no vere den foretrukne måten å sende dokument ut frå kommunen på. Kundetorget er dokument- og servicesenter for alle einingane i kommunen.

3. Delta i felles prosjekt for å etablere ei ny heimeside til kommunen til bruk hausten 2018.

Gjennomført. Den nye heimesida til kommunen var klar til bruk hausten 2018.

4. Gjennomføre prosjektet om å integrere brannvernet i Modalen som del av etablering av Nordhordland brann og redning i 2018, med mål om oppstart av Nh brann og redning frå 1.1. 2019.

Gjennomført. Nordhordland brann og redning var som planlagd i drift frå 1.1.2019

**Overordna ROS-analyse**

Den overordna ROS-analysen vart vedteken av kommunestyret i møte den 22.09. 2016 (Ksak 048/16).

I samvar med kommunestyret sitt vedtak er ulike tiltak følgje opp i løpende drift og ved oppfølging i budsjettarbeidet for 2018 og økonomiplanperioden. Prioriterte tiltak, som varslingsteneste, vart anskaffa og klargjort for bruk i 2017 og var i drift frå 2018.

**Folketalsutvikling**

Ved inngangen til 2018 var folketalet i Modalen 380 innbyggjarar, og var framleis 380 ved utgangen av året.

I underkant av 10 % av innbyggjarane har no utanlands bakrunn eller er norskfødte med innvandrarforeldre. Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalsutviklinga er positive for komande år med eit forventa folketal på 389 i 2030. Så langt har det vore vanskeleg å bryte 400-talet.

**I Modalen har folketallet hatt slik utvikling :**

Per 1.1.	1994	2004	2009	2010	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innbyggjartal	343	366	351	344	370	383	372	378	381	380	380

**Kommunale utlegebustader – bygging av nye private bustader – bustadtomter**

Etter revisjon av tilskotsreglementet for bustader i 2011 så har det vore ein betydeleg auke i talet på bygging av nye private bustader. I tillegg har det vore ein auke i talet på eldre hus som er kjøpt og rehabilert.

På Mo og Øvre Helland er det berre ei ledige kommunal tomt på kvar stad medan det er 3 tomter ved barnehagen på Helland. I tillegg er det nokre regulerte tomter i privat eige. Det er derfor no behov for å få klargjort nye tomter, særleg på eller nær Mo.

**Tal nye bustader teke i bruk:**

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Oppføring av nye private bustader	0	3	7	3	0	0	1	0
Tilskot til kjøp/ rehabilitering av bustad	2	3	2	1	4	4	2	4

**Utbetalt tilskot til bygging og kjøp/utbetring av eldre bustader:**

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Utbetalt tilskot til oppføring av nye private bustader ( tal i 1.000 kr)	0	750	1.500	750	0	0	250	0
Utbetalt tilskot til kjøp / rehabilitering av bustader (tal i 1.000 kr)	251	300	150	80	454	573	130	400

Kommunestyret vedtok i 2012 (Ksak 033/12) at det skulle innførast standariserte leigekontraktar med ei tidsgrensing på 3 år ved utleige av kommunale bustader. Det er gjennomført oppfølging av 3 års fristen i kontrakter inngått frå og med 2016.

### **Oppfølging av restansar for lån og husleige**

Modalen kommune har i 2018 gjennomført lite oppfølging av uteslåande krav av husleige for bustader som er utleidt på forretningsmessig vis. Det er behov for ytterlegare oppfølging som vil verte iverksett i 2019. Det er sett av midlar i rekneskapet for moglege tap.

### **Likestilling**

Arbeidsgjever har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakrar. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert soknar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikra deltidsarbeidande størst mogeleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltidsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenesteområda.

### **Kjønnsfordeling av fast tilsette**

	Pr. 2018			
	Menn	%	Kvinner	%
Rådmann/ assisterande rådmann	2	100	0	0
Einingsleiarar	1	17	5	83
Andre tilsette	23	24	71	76
Alle tilsette i Modalen kommune	26	25	76	75

I kommunestyret er det åtte menn og fem kvinner. I formannskapet auka tal kvinner frå to til tre etter sist val.

### **Diskriminering og etikk**

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010. Modalen kommune er tilmeldt KS sitt styrevervregister <http://www.styrevervregisteret.no/> med lenke lagt inn på kommunen si heimeside. Her kan ein finne opplysningar om ulike verv som tilsette og politikarar har i andre selskap og organisasjonar. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningslinjer.

Det er gjennomført tiltak dei siste åra for å betre universell utforming ved helseenteret og ved busstopp Mo skule. Det er ei utfordring at funksjonshemma framleis ikkje har tilgjenge til andre høgda i kommunehuset.

## Personalpolitiske retningslinjer

Retningslinjer for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Desse er retningsgjevande for kommunen sin personal- og lønspolitikk. Retningslinjene vart revidert i 2017.

Eit oversyn over dei tilsette syner at om lag 40% av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år og vel 10 % er over 60 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rutinerte tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Samstundes syner tala at det ligg ei utfordring i at mange i denne gruppa i løpet av dei neste ti åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trond for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane, men samstundes må me setja inn tiltak for ny rekruttering. I den samanheng må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss kompetanse for framtida. Me må mellom anna vurdere om me skal ha ei meir offensiv satsing på rekruttering av unge arbeidstakarar til dømes gjennom lærlingeordninga. I 2018 har me hatt tre lærepllassar i kommunen.

## HMS- arbeid

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med Salutis AS (tidlegare HMS-gruppen), som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei har bidrige med rettleiing, kontrollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylge opp dette arbeidet. Det var tre møter i AMU i 2018. Bedriftshelsetenesta deltok på møta.

Sjukefråvær i %:

År	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
<b>2010</b>	6.1	5.1	5.1	6.3	5.7
<b>2011</b>	7.1	7.3	8.0	9.3	7.9
<b>2012</b>	12.1	11.8	10.5	9.9	11.1
<b>2013</b>	10.7	10.1	7.0	7.8	8.8
<b>2014</b>	7.7	9.5	8.9	8.8	8.8
<b>2015</b>	8.7	9.2	4.2	8.6	7.6
<b>2016</b>	11,3	7,9	5,4	9,6	8,5
<b>2017</b>	13,4	13,3	9,1	7,3	10,8
<b>2018</b>	8,8	5,2	4,3	9,5	7,1

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksem. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for inkludering av dei som står i fare for å falla ut av arbeidslivet, eller som slit med å koma inn i arbeidslivet. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV Arbeidslivssenter er partar i avtalen. Det utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1-Sjukefråvær 2 - Personar med redusert funksjonsevne 3 - Avgangsalder.

Resultatmålet for det lokale sjukefråværarbeidet fram til utgangen av 2018 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra. Kommunen har ikkje klart å nå dette resultatmålet. Likevel ser me ei positiv utvikling dei siste åra, med unntak av 2017.

Det er kontinuerleg fokus på sjukefråværsarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som gjev utslag på fråværss prosenten. Korttidsfråværet ved alle einingar er lågt.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og tryggheit innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjør det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

På bakgrunn av ny organisering gjennomførte kommunen ein hovudrevisjon av den overordna krise- og beredskapsplanen i 2013. Planen vart sist revidert hausten 2018, men mindre endringar i planen skjer fortløpende gjennom året og fast ved overgang til nytt kalenderår. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

I Fylkesmannen sitt tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen i 2018 vart det gitt to avvik om manglar i heilsakeleg og systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid og øving/opplæring. Desse avvika vert det jobbe med å lukke innan fristen i 2019.

**Også 2018 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er gjennomført viktig og godt arbeid med organisasjonsutvikling og tenesteutvikling i dei ulike einingane.**

**Eingsleiarane presenterte sine fokus- og utviklingsområde for kommunestyret i budsjettprosessen hausten 2018. Rådmannen vil her retta ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2018 og til tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året. Rådmannen vil også takka for samarbeidet med politikarane.**

## MØTE I POLITISKE ORGAN OG OPPFØLGING AV VEDTAK

### Kommunestyret



Kommunestyret har følgjande medlemar i perioden (2015 - 2019):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kristin Nåmdal, <i>varaordførar</i>	Tom Kristian Thorsen, <i>ordførar</i>
Kjetil Eikefet	Linda Neset
Anne Britt Almelid	Ann-Jorunn Farestveit
Liv Anne Aanesen	Frank Stian Steinsland
Roger Wilhelm Fure	Håvard Engeseth
Svanhild Moberg Nordaas	Robert Helland
	Sigmund Vikane

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal møter	7	6	6	4 + 3 2)	9 3)	7	7
Tal saker	71	40	47 1)	58 1)	74 1)	64	57

- 1) Ved innføring av nytt sak og arkivsystem har ein innført faste saker for: «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok», «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.

Innkallingar og protokollar vert no sendt ut elektronisk til kommunestyre / formannskap og vert lagt ut på kommunen si heimeside. Kommunestyret har teke i bruk den nye politikarportalen og brukar sine private PC-ar til politiske gjermål. For dette får dei ei årleg godtgjering. Innføringa av elektronisk utsending har redusert kostnader til porto og effektivisert dette arbeidet.

Kommunestyret har i 2018 mellom anna handsama følgjande saker:

Dato	Saknr	Saka gjeld
15/2	004/2018	Forankring prosjekt ACT/FACT team
	005/2018	Vedtak omorganisering av IKT Nordhordland
	006/2018	Tilknytning av fritidsbolig/hytter til eksisterende fibernett i Modalen
22/3	011/2018	Strategi og retningsliner for tilskot i skogbruket 2018 - 2021
	012/2018	Kommunal delfinansiering av hurtigladepunkt i Modalen
26/4	018/2018	Regulering av nytt bustadområde
14/6	024/2018	Avtale brøytetilskot Fjellstølen og Kvanndalen velforening
	025/2018	Framlegg til revidert strategi for spesielle miljøtiltak i landbruket
	026/2018	Søknad om konsesjon for overtaking av Gbnr81/3 og 55 på Øvre Helland
	027/2018	Konseptstudie – utviding av IKT samarbeidet
	028/2018	Søknad om tilleggsopptak for startlån til vidarefordeling 2018
	029/2018	Utdeling av moglege samarbeid i randkommunane
	030/2018	Årsmelding og rekneskap 2017
	031/2018	Modalen nærings- og tenestesenter
	032/2018	1. tertialrapport 2018
20/9	036/2018	Avtale om veterinærtenester i Voss aust og Voss vest vaktdistrikt til 2020
	037/2018	Etablering av felles NAV kontor saman med Masfjorden og Gulen
	038/2018	Oppgradering av fellesareal Modalstunet
	039/2018	Søknad 2 om tilleggsopptak for startlån til vidareutdeling 2018
8/11	045/2018	Etablering av felles frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i region Nh
	047/2018	Søknad om tilskot frå næringsfondet – prosjekt næringsutvikling
13/12	052/2018	Felles NAV kontor – endring av vilkår
	055/2018	Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022
	056/2018	Vertskommuneavtale Nav Fensfjorden
	057/2018	Fullmakt rettsmekling

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2018 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

### Formannskapet

Formannskapet har følgjande medlemar i perioden (2015 - 2019):

SAMLINGSLISTA		SOLRENNINGSLISTA	
Kristin Nåmdal, varaordførar		Tom Kristian Thorsen, ordførar	
Kjetil Eikefet		Linda Neset	
		Ann-Jorunn Farestveit	

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal møter	8	7	9	7	7 2)	9 + 3 2)	9	10	8
Tal saker	52	50	65	41	47 1)	69 1)	68 1)	64 1)	41

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2018 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føsett.

## **Ungdomsrådet**

Ungdomsrådet i Modalen vart oppretta 15. november 2015, og skal vere eit synleg og aktivt råd, for å fremje ungdommen i Modalen sine meininger. Modalen ungdomsråd skal arbeida med saker som engasjerer ungdommar, og vere tilgjengeleg for politikarane i aktuelle saker. Ungdomsrådet har uttal seg til politiske saker som vedkjem ungdomane og framtida deira i Modalen. Referat frå møta deira vert lagt ut på kommunen si heimeside

Ungdomsrådet har vore representert på Ungdommens fylkesting i Hordaland , og dei har laga til arrangement for ungdomar, som til dømes Halloween party.

## **Ikt samarbeid**

Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland er oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune er vertskommune. IKTNH drifter IKT- oppgåver for samarbeidskommunane, og vertskommunen har einerett til å levera driftstenester innan IKT til dei deltagande kommunane. Styringsgruppe for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar.

Gjennom året har det vore fokus på å følgje opp dei ulike fellesprosjekta som er sett i verk gjennom det regionale IKT-samarbeidet. Kundetorget har også vore sterkt engasjert i innføringa, opplæringa og bruken av dei nye IKT-løysingane. For å styrke kommunen sitt fokus på digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon er stillinga som IKT/økonomi-rådgjevar no knytt til kunde- og servicetorget, men og til å utføre oppgåver ved kommunekassa. Dette vil gje overlappande kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie.

Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til kommunane sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den einskilde kommune.

## **Økonomisk resultat rådmannen/sentraladministrasjonen 2018**

Det har vore eit vesentleg avvik i forhold til budsjettet under ansvar 1000 - rådmannen, ansvar 1200 - Kommunekasserar, og ansvar 1400 - IT-konsulent. Totalt utgjer dette ca kr 1 280 000,- i auka utgifter/mindre inntekter for 2018.

Overforbruket på ca 570 000 kr på ansvar 1000 – rådmannen, er hovudsakleg knytta til mindreinntekt i forhold til budsjett. Kostnadane totalt på området er om lag 200 000 kr lågare enn budsjettet medan inntektene om lag 775 000 kr lågare enn budsjettet. Mindreinntektene er i stor grad på flyktninggeområdet, mellom anna på grunn av at ein av familiene som kom i 2016 flytta ut av kommunen i april 2019. I tillegg har ein ca 200 000 kr i høgare lønskostnadar/mindre refusjon til lærlingeordninga enn budsjettet. På utgiftssida kjem mellom anna ubudsjettete utgifter på vel 100 000 kr i advokatkoststandar i tvistesak som enda med forlik etter rettsmekling.

Overforbruket på ansvar 1200 – kommunekasserar skuldast lønskostnadar til overlappande bemanning i store delar av 2018. Dette mellom anna fordi Osterøy sa opp avtalen om kjøp av økonomisjef i desember 2017 og tilsett ved økonomikontoret tok ut pensjon frå april 2018. Med dette som bakgrunn måtte kommunen tilsetje økonomikonsulent i engasjement ut 2018 medan ein arbeidde med å få plass permanent ny løysing med økonomisjef og økonomimedarbeidar. Total

ekstrakostnad til lønsutgifter for dette vart 465 000 kr.

Overforbruket på ansvar 1400 - IT konsulent, er knytt til auka kostnadar i samband med overgang til nytt Visma økonomisystem og til telefoni/internett og lisensar. Ein ser likevel at felles IKT-samarbeid gjev innsparingar på ulike område samstundes som kvalitet på drifta er vorte betre enn om kommunen skulle drifte dette sjølv. Totalt utgjer overforbruket på ansvar 1400 ca 160 000 kr.

		Rekneskap 2018	Buds(end) 2018	Avvik	Rekneskap 2017
<b>10 RÅDMANNEN/SENTRALADM</b>					
Ansvar:	1000 RÅDMANNEN				
Utgifter		11 285 461	11 487 200	-201 739	11 757 391
Inntekter		-2 989 548	-3 765 800	776 252	-4 401 660
	<b>Sum ansvar: 1000 RÅDMANNEN</b>	<b>8 295 914</b>	<b>7 721 400</b>	<b>574 514</b>	<b>7 355 732</b>
Ansvar:	1200 KOMMUNEKASSERAR				
Utgifter		1 993 615	1 530 100	463 515	1 565 759
Inntekter		-26 173	-28 000	1 827	-20 091
	<b>Sum ansvar: 1200 KOMMUNEKASSERAR</b>	<b>1 967 441</b>	<b>1 502 100</b>	<b>465 341</b>	<b>1 545 669</b>
Ansvar:	1400 IT-KONSULENT				
Utgifter		3 906 679	3 774 800	131 879	3 740 701
Inntekter		-178 175	-205 300	27 125	-101 446
	<b>Sum ansvar: 1400 IT-KONSULENT</b>	<b>3 728 504</b>	<b>3 569 500</b>	<b>159 004</b>	<b>3 639 254</b>

## KUNDETORGET

Kundetorget har 4 tilsette. Dagleg drift av Bryggjeslottet er no lagt under kundetorget.

Organiseringa gjev overlappande kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie.

Kundetorgets sine oppgåver rettar seg både mot publikum, og internt i organisasjonen.

I 2018 er det jobba med fleire store ulike forprosjekt innan arkiv og felles kontakt og eventuelt innbyggjarservice for dei sju randkommunane. Hovedmålet med prosjekta er forslag til organisering av felles arkiv, postteneste og kontaktsenter med felles kunnskapsbase. Kommunen fekk ny heimeside 14.11.18. Digitalt fyrsteval og sjølvbetjening på nett skal gjera at innbyggjarane i større grad kan finna informasjon og løysa oppgåver sjølv på nettet. Modalen vart kåra på 3. plass i åpenhetsindeksen 2018 til Norsk presseforbund. Digitalisering av gårds- og byggesaksarkivet er fullført. Kundetorget er sterkt engasjert i innføring, opplæringa og bruken av nye IKT-løysingar. Driftsoppgåver knytt til IKT blir utført av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH).



**Næringsfondsstyret:**

År	Tal møter	Tal saker	Tilskot løyvd kr.	Lån løyvd kr
2018	5	8	1 259 301,-	667 736,-
2018	Delegasjon rådmannen	7	260 900,-	0,-

**Fordeling på næringar:**

	2018
Landbruk	0
Reiseliv/service/handel	8
Industri/produksjon/anlegg	1
Prosjekt/anna	5

Merk:

- Har ikkje tatt med landbruk.
- Ei av sakene som vart handsama i NF-styret fekk ikkje løyving, difor føre til fordeling.

Det var ingen saker og utbetalingar frå Næringsfondet til landbruk i 2018.

**Bruk og tilgang – næringsfondet.**

Utvikling av status for Næringsfond:

År	Inngåande saldo pr.	Utgåande saldo pr.
2010	6 620 506	2 235 118
2011	2 235 118	8 577 992
2012	8 577 992	8 443 268
2013	8 443 268	9 846 208
2014	9 846 208	13 014 207
2015	13 014 207	12 767 508
2016	12 767 508	10 713 406
2017	10 713 406	11 503 748
2018	11 503 748	7 032 042

Av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som **grunnkapital** og denne er **inkludert i saldoar ovanfor**.

**BRUK OG TILGANG – NÆRINGSFONDET 2018**

	Bruk	Note	Tilgang
<b>Saldo pr. 01.01.2018</b>		<b>10</b>	<b>9 503 748</b>
Konsesjonsavgift mv			5 614 550
Strykning			-2 479 417
Konsesjonskraftsal til Modalen Kraftlag			70 000
Renter og avdrag			586 706
Anna inntekt			253 915
Utlån til privat verksemd	717 736		
Tilskot til bustader	445 033		
Tilskot til privat verksemd	1 365 611		
Elevstipend	453 900		
Utgift i drift	374 509		
Lønskostnader delstilling utvikling	205 122		
Konsulent/advokathjelp i drift			
Rettsforlik	2 550 000		
Tilskot veg	30 000		
Finansiering av investering	1 975 549		
Avsetjing til nytt servicebygg	400 000		
<b>Saldo pr. 31.12.2018</b>			<b>5 032 042</b>

\*Saldoen i oversynet er eksklusiv kr 2 millionar kroner bunde som grunnkapital.

(Rekneskap note10)

Næringsfondet vert også nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd.

Kommunestyret vedtok i 2012 ein langsiktig avtale om sal av kommunen si konsesjonskraft til Modalen kraftlag. Midlar frå sal av kraft til lokalt næringsliv vert i utgangspunktet avsett til næringsfondet som føresett i kommunestyrevedtaket, men er i rekneskapen for 2018 stroke som følgje av strykningsreglane ved rekneskapsmessig meirforbruk.

Delar av konsesjonsavgifta for 2018 er òg omfatta av strykningsreglane, som medfører at

heile avsetjinga ikkje er gjennomført. Kr 2 479 417 av inntekta frå konsesjonsavgift er ikkje sett av til næringsfondet i 2018. Modalen kommune har forskottert kr 2 800 000,- til utbetring av Fv 569 Dalseid-Eidslandet. Av desse midlane vart kr 424 242,- refundert frå Hordaland fylkeskommune i januar 2015. Resterande forskottering er venta refundert 2019 og 2020. Midlane vil verta tilbakeført til næringsfondet.

## Økonomi og rekneskap

**2018 vart eit økonomisk dårleg år for Modalen kommune. Årsrekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 0 etter gjennomføring av strykningar i tråd med rekneskapsforskrifta § 9. Strykningar medfører at avsetjingar til fond, som ikkje er reservert til særskilte føremål med heimel i lov, forskrift eller avtale, ikkje vert gjennomført.**

**Rekneskapsmessig meirforbruk før gjennomføring av strykningar var om lag kr 2,65 millionar.**

**Det viktigaste økonomiske nøkkeltalet i rekneskapsoversyna, når det gjeld å vurdere drifta i kommunen, er netto driftsresultat. Det er tilrådd å leggja til grunn at netto driftsresultat bør vera positivt på om lag 1,75 % av driftsinntekta for å ha ein sunn økonomi. Netto driftsresultat er overskotet frå den løpende drifta i rekneskapsåret som kommunen kan nytta til avsetjingar og investeringar. Rekneskapsåret 2018 i Modalen kommune er avslutta med eit negativt netto driftsresultat på kr 1,6 millionar. Det utgjer - 1,81 % av samla driftsinntekt som var på kr 88,5 millionar.**

**Dersom me korrigerer netto driftsresultet for postane knytt til premieavvik, samt netto avsetjing til bundne driftsfond kjem me fram til Korrigert netto driftsresultat. Korrigert netto driftsresultat vart negativt med - kr 2,8 millionar.**

### Løn

Lønsutgifta er den største utgiftsposten til kommunen. Kr 51,9 millionar inkl sosiale kostnader (55,9 millionar i 2017) av samla driftsutgifter på kr 88,5 millionar, utgjer 58,6 % (58,5 % i 2017). Lønsandelen av utgiftene er lågare i Modalen kommune enn i dei fleste andre kommunar. Det indikerer i utgangspunktet ein god økonomi at ein har ein relativt stor del av utgiftene disponibelt til anna enn løn, men dette må òg sjåast i samanheng med at me kjøper ein del tenester frå andre kommunar samt frå vikarbyrå.

### Investering

Rekneskapsskjema 2A for investering syner eit samla finansieringsbehov på kr 7,1 millionar i 2018. Utlån inngår i finansieringsbehovet med kr 2,6 millionar. Investering i anleggsmidlar utgjer om lag kr 3,6 millionar. Det har ikkje vore nokon særskilt store investeringsprosjekt i 2018. Dei største prosjektutgiftene har vore knytt til asfaltering på Hellandsvegen, nytt kjøkken i Modalen

barnehage, oppgradering av flytebryggja, ladestasjon og rassikring, med ei samla utgift på kr 2,2 millionar for dei 5 prosjekta.

### Kommunebarometeret

Kommunal rapport har vurdert dei førebelse Kostra-tala til kommunane. Når det gjeld dei økonomiske nøkkeltala, vert Modalen rangert som nr 33 i landet mot 3. plass i fjor. Dette kjem fram som ei samla vurdering av ei rekke økonomiske nøkkeltal.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Plass på økonomibarometeret	29	16	28	16	10	14	3	33

2019-barometeret har tal for rekneskapsåret 2018. Tilsvarande forskyving dei andre åra.


Med eit dårleg driftsresultat i 2018 fell Modalen kommune på Økonomibarometeret. Det er ikkje berre resultatet for 2018 som tell i barometeret. Den generelle økonomiske stoda, mellom anna storleiken på fond, lånegjeld m.m. tell med, og bidrar såleis til at kommunen ikkje fell enno mykje lenger på Økonomibarometeret.

## VURDERING

### Resultat i drifta

2018 har gjeve eit negativt netto driftsresultat for Modalen.

Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2014-2018 (Tal i 1000)



Netto driftsresultat er resultatet av løpende driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpende drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det ein skilde år, samt gjev ein peikepinn på kor robust økonomien er.


I samandraget er det peika på premieavviksinntekt som er ein post som påverkar netto driftsresultat utan eigentleg å vere ein del av den løpende, ordinære drifta. I tillegg til dette kan ein ha inntekt frå øyremerka/bundne midlar. Netto driftsresultat justert for premieavvik, og justert for netto avsetjing til bundne fond, fører fram til **korrigert netto driftsresultat**. Dette vart - kr 2,8 millionar i 2018 mot + kr 5,6 millionar i 2017 og + kr 4,3 millionar i 2016.

Minus kr 2,8 millionar utgjer minus 3,2 % av driftsinntektene. Tilsvarende resultatprosent var + 5,6 % i 2017 og + 4,7 % i 2016.

Dette var høgt over tilrådd nivå, og har vore høgt dei seinare åra fram til 2017 sjølv om inntektsnivået har gått ned. 2018 var det femte året på rad med nedgang i eigedomsskatteinntekta. Nedgang i høve til eigedomsskatteinntekta i 2014 var på heile kr 7,14 millionar. Det har såleis vore relativt store behov for budsjettinnstrammingar. I 2018 klarte ikkje avdelingane å halde rammene. Kun Modalen barnehage hadde mindreforbruk i høve til budsjettløyvinga.

Kommunebarometeret til Kommunal rapport bruker **korrigert netto driftsresultat** ved vurdering og samanlikning av kommunar. Under følgjer ein tabell for dette.

**Diagram:** Korrigert netto driftsresultat 2014-2018 (tal i 1000)



Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge, positive driftsresultat for å kunna finansiera investeringsutgiftene med eigne oppsparte midlar. Negativt korrigert netto driftsresultat på kr 2,8 millionar er langt under gjennomsnittet for dei siste 5 åra, som er 3,9 millionar i pluss (inkl 2018-resultatet). Rådmannen har tidlegare vist til at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet dei seinare åra har det vore eit særleg fokus på tilhøvet mellom driftsresultat og investeringsnivå. Det har vore eit klart auka press på resultatnivået som følgje av nedgangen i eigedomsskatteinntekt. Kommunen har klart å levere gode resultat til tross for dette fram til 2017, men i 2018 vart det for første gong negativt driftsresultat. Det vil vere viktig framover å snu dette, slik at dei årlege driftsresultata vert positive, og med ein storleik som kan finansiere årlege investeringar.

#### Rekneskapsmessig mindreforbruk: kr 0

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Rekneskapen vart i utgangspunktet avslutta med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 2,65 millionar. I tråd med rekneskapsforskrifta § 9, skal det i slike tilfelle vurderast å gjennomføre strykningar av avsetjingar til fond. Unntatt frå strykning er midlar som er reservert særskilte føremål med heimel i lov, forskrift eller avtale. Aktuelle strykningar for Modalen i 2018 var avsetjinga av rekneskapsmessig mindreforbruk frå 2017, inntekt frå sal av konsesjonskraft 2018 samt inntekt frå konsesjonsavgift 2018. Ingen av dei aktuelle avsetjingane er reservert særskilte føremål, og dei er såleis unntatt frå strykning. Samla kr 2 654 890 av avsetjing til fond er dermed stroke, slik at rekneskapsmessig meirforbruk er redusert til kr 0.


## Driftsinntekt

Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein svært liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv. Diagrammet under syner at 42,31 % (18,36 % + 23,95 %) av samla driftsinntekt kjem frå postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. (Tilsvarande prosent i 2017 og 2016 var 39,76 % og 45,11 %). Det meste av dette er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Me ser klart effekten av redusert eigedomsskatteinntekt. Rammetilskot frå staten og personskatt er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største.

Det er tydeleg at det framleis er inntekt basert på utnytting av kommunen sine eigne ressursar som er det viktigaste grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har svinga noko omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden, men me har sett ein tydeleg nedgang som følgje av reduksjonen i eigedomsskatteinntekt. Prognosane for vidare utvikling i eigedomsskatt tilseier at botnen er nådd, og at eigedomsskatteinntekta, både i reine kroner, og som andel av samla inntekt, vil auke i åra som kjem

Rammetilskot frå staten har dei siste 10 åra svinga frå om lag 16 % i 2000 ned til under 8 % av dei samla inntektene i 2010, og opp til 23,4 % i 2018 (NB: stor auke i 2011 som følgje av innlemminga av barnehagetilskot i rammetilskotet). Samla driftsinntekt gjekk ned heile 11,1 % i høve til 2017, medan auken i driftsutgift var på 0,34 %, sjå lengre nede om dette.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar 2018



#### Utvikling i driftsinntekt 2014 – 2018:

	2014	2015	2016	2017	2018
Sum driftsinntekt (tal i 1000)	87 785	88 741	92 141	99 563	88 497
%-vis endring		1,1 %	3,8 %	8,1 %	-11,1 %

#### Inntektspostar med stor reduksjon:

	2017	2018	Nedgang
Integreringstilskot flyktninger	3 000	2 052	- 948
Refusjon/tilskot frå staten *)	10 426	4 955	- 5 471
Eigedomskatt	19 410	16 250	- 3 160
Refusjon sjukeløn/fødselp.	3 042	1 502	- 1 540

\*) Kalkingsmidlar frå fylkesmannen er hovudårsaka til denne nedgangen.

#### Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 95,6 millionar til kr 95,9 millionar frå 2017 til 2018. Auken er liten og utgjer 0,34 %, og er ein mykje lågare utgiftsvekst enn året før (4,0 %). Dette er inklusiv avskrivningar og utanom finanspostane. Avskrivningsutgift vert nulla ved eigen motpostering i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat. Utgiftsveksten er svært låg, og synleggjer effekten av, og arbeid med, tiltak for å tilpasse drifta til lågare inntektsnivå. Utgiftsnivået har likevel ikkje vorte lågt nok, med negativt resultat som følgje.

Med ein nominell auke i driftsutgiftene med 0,34 % er driftsnivået reelt sett lågare enn 2017, sidan løns- og prisveksten var på om lag 2,9 % frå 2017 til 2018 (basert på vurdering av regjeringa i samband med framlegging av statsbudsjettet for 2019 i oktober 2018) .

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Sum driftsutgift (tal i 1000)</b>	82 219	84 997	86 147	87 780	91 923	95 616	95 942
<b>Prosentvis endring</b>	5,92 %	3,37 %	1,36 %	1,90 %	4,72 %	4,02 %	0,34 %

### Løn inkl. vikarbyrå og refusjon sjukeløn

Lønsutgift inklusiv sosiale utgifter (pensjon/arbeidsgjevaravgift), refusjonsinntekt fra sjukmeldingar og fødselspermisjon, er redusert med 5,1 % i høve til 2017. Då er det òg teke omsyn til bruk av vikarbyrå. Det er i hovudsak innan Pleie og omsorg det har vore bruk av vikarbyrå.

KS opplyser at utrekna årslønsvekst frå 2017 til 2018 for KS tariffområde er 2,9 %. KS tariffområde er alle kommunar og fylkeskommunar utanom Oslo.

Tabell: Utvikling 2014-2018 Løn inkl sos.utgift, vikarbyrå og refusjon

(Rekneskapstal i tusen)	2014	2015	2016	2017	2018
Lønsutgift	40 198	42 668	43 197	44 765	41 315
Oppg.pl. ytingar			427	425	315
Sosial utgift	10 736	10 455	10 972	11 135	10 621
Vikarbyrå	3 399	1 376	590	2 408	2 080
Ref sjukeløn	-1 923	-2 014	-2 071	-2 460	-1 221
Ref fødselpengar	-242	-987	-570	-582	-281
<b>Netto løn inkl vikarbyrå</b>	<b>52 168</b>	<b>51 498</b>	<b>52 545</b>	<b>55 691</b>	<b>52 829</b>
<b>Endring i %</b>	7,32 %	-1,28 %	2,03 %	5,99 %	-5,14 %

### Budsjettstyring og avvik

	Rekneskap	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
	2018	2018			2017
Rådm/sentraladm *)	11 512 442	12 793 000	-1 280 558	-10,0 %	12 540 654
Kultur	2 941 535	2 750 000	191 535	7,0 %	3 040 442
Sosial og barnevern	1 176 161	980 000	196 161	20,0 %	999 362
Skule	11 141 741	11 100 000	41 741	0,4 %	10 285 414
Barnehagestyrar	4 248 007	4 580 000	-331 993	-7,2 %	4 226 881
Pleie og omsorg	16 884 667	15 850 000	1 034 667	6,5 %	15 247 367
Kommunelege	5 183 528	4 935 500	248 028	5,0 %	4 797 167
Teknisk	11 843 237	11 480 000	363 237	3,2 %	12 618 797
<b>Totalt</b>	<b>64 931 318</b>	<b>64 468 500</b>	<b>462 818</b>	<b>0,7 %</b>	<b>63 756 084</b>

\*)Området er omfatta av strykning, jfr rekneskapsforskrifta §9. Ser ein vekk frå strykningane er det eit meirforbruk på om lag kr 1,2 millionar på budsjettområdet.

Oversikta syner nettoutgift pr. budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret har gjeve rammeløyving til desse budsjettområda: Rådmannen/sentraladministrasjon, Kultur, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk.

Det er kun barnehage som har reelt mindreforbruk i høve til budsjettet for 2018. Området rådmannen/sentraladministrasjon omfattar næringsområdet som inkluderer konsesjonsavgift. Avsetjing av konsesjonsavgift til næringsfondet, er delvis stroke, som følgje av meirforbruk i rekneskapen. I tråd med reglane i rekneskapsforskrifta § 9, vert avsetjingar til fond som ikkje er bundne/reserverte til særskilte føremål, gjeve i medhald lov/forskrift eller avtale strokne inntil meirforbruket er dekka. Budsjettet og rekneskapsført avsetning på samla kr 2,4 millionar er strokne i rekneskapsavslutninga.

### Kort forklaring negative avvik:

#### Rådmannen

- Redusert inntekt
- Advokatkostnader
- Mellombels tilsetjing ved kommunekassen
- Auka IKT-kostnad

#### Kultur

- Lågare inntekt Bryggjeslottet

#### Sosial og barnevern

- Auke i supplerande stønad til flyktningar
- Auke i stønad til aleineforsørgjarar utan arbeid / i redusert stilling.
- Strengare reglar frå NAV stat: arbeidsavklaringsstønad redusert frå 4 til 3 år.
- Auke i behov hjå unge menn under 30 år, auke i stønad.

#### Pleie og omsorg

- Redusert refusjon frå staten knytt til ressurskrevjande brukar
- Bruk av vikarbyrå for å dekkje forsvarleg drift på institusjon og heimetenesta

#### Kommunelege

- Lågare inntekt enn budsjettet knyt til pasientbetaling
- Auka utgift til kjøp av helsetenester, m.a. deltaking i legevakt

#### Teknisk etat

- Auka brøytekostnad
- Auka tømming av slamavskiljarar og septiktankar

- Noko redusert husleigeinntekt grunna ledige bustader
- Auka aktivitet innan brannområdet
- Auka bruk av sjukevikar innan reinhald
- Ekstra utvask knytt til oppgradering av bustadar
- Noko auke knytt til innkjøp av forbruksvarer og materiell til reinhald

## Investering


Det har vore ein moderat investeringsaktivitet i 2018 med eit samla finansieringsbehov på kr 7,1 millionar, jfr. rekneskapskjema 2A. Samla investering i anleggsmidlar vart kr 3,6 millionar.

Investeringsrekneskapen er avslutta/saldert i balanse, finansiert med eigne midlar, mva-kompensasjon og noko anna inntekt. Formidlingslån er finansiert med ordinære og ekstraordinære avdragsinntekter, midlar avsett tidlegare år, samt bruk av lånemidlar. Utlån av formidlingslån i 2018 var på kr 2,6 millionar.

## Likviditet/arbeidskapital

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelta gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2014-2018 (tal i 1000)




Det var ein positiv utvikling frå 2011 fram til 2014, då gode driftsresultat og redusert investeringsaktivitet betra arbeidskapitalen. I 2014 vart det ein spesielt stor betring, knytt til utbetaling av midlar frå Fylkesmannen knytt til bygging av ny kalkingsstasjon. Åra frå 2014-2016 har kommunen hatt ein reduksjon i arbeidskapitalen, før 2017 der spesielt kalkingsmidlar igjen bidrog til den positive utviklinga. Det er normalt ugunstig med negativ utvikling av arbeidskapitalen. Nivået på arbeidskapitalen har over tid vore godt og likviditeten til kommunen er framleis god, sjølv om negativt resultat 2018 har gjeve nedgang i arbeidskapitalen.

## LÅNEGJELD OG FOND

### Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr. 31.12 frå 2014 – 2018 (Tal i 1000)



Oversikta syner ein nedgang i samla fondsmidlar i kommunen i høve til 2017. Samla fondsmidlar er redusert frå kr 35,7 millionar til omlag kr 31,3 millionar.


### Lånegjeld

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda har såleis vore relativt stor pr. innbyggjar, men likevel moderat i høve kommunen si evne til å betale rente- og avdragsutgift. Ingen nye låneopptak og relativt høge årlege avdrag har redusert lånegjelta monaleg, både i høve til innbyggartal og i høve til driftsinntekt. Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg godt over minstekravet til årleg avdrag og har ikkje teke opp nye investeringsslån dei seinare åra.

Tabell: Utvikling i lånegjeld utanom formidlingslån 2014 – 2018:

LÅNEGJELD	2014	2015	2016	2017	2018
Lånegjeld (tal i 1000)	21 877	20 377	18 877	17 376	16 376
Lånegjeld i % av dr.innt	24,9 %	23,0 %	20,5 %	17,5 %	18,5 %
Lånegjeld i kr pr innb	57 876	53 483	49 287	45 726	43 095
Innbyggjartal	378	381	383	380	380

Diagram: Lånegjeld i % av brutto driftsinntekt 2014-2018



Lånegjelta går framleis nedover som følgje av avdragsbetaling, og ingen nye investeringslån. Som følgje av redusert inntekt i 2018, aukar likevel lånegjelta i % av samla driftsinntekt i 2018 i høve til 2017. Nivået er likevel lågt samanlikna med dei fleste andre kommunar, og lånegjelta belastar driftsrekneskapen mindre enn dei fleste andre kommunar.

## Kulturkontoret

**Kulturkontoret** i Modalen kommune har oppgåver knytt til turistinformasjon, kulturminnevern, tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjoner, samordning av aktivitetar og tilrettelegging av friluftsliv. I samarbeid med ulike aktørar arrangerer me m.a. barna sin dag i februar, modalsdagane om sommaren og julemarknad i desember.

Me er jamnleg involvert i ulike einskildarrangement og prosjekt gjennom året. Døme er konserter, folkehelsearbeid, stønad til LAN-party (priv. arr.) m.m.

**Bryggjeslottet** vart i 2018 drifta under kulturkontoret kor ein gjekk delar av året utan kultursjef. Kultursjef var tilsett ein kort periode på hausten, men det vart i samråd med denne beslutta å leggje kultur området inn under Kundetorget og leiar for denne eininga f.o.m. 1. jan 2019.

2018 var eit år med skifte av nøkkelpersonell på Bryggjeslottet. I løpet av året fann me fram til ei organiseringsform som me vurderer er god for framtida. På slutten av året tyda det at biblioteksjef/vertskap vart til ei 80 % stilling, medan øvrig kultursansvar vart flytta til kundetorget. I tillegg har me mange unge med deltidsjobb på ettermiddagstid/helg. Ekstravaktene er til stor hjelp for at me skal kunne gjennomføre ulike arrangement som t.d. kino, bowling, kiosk.

### Økonomi

	Rekneskap 2018	Budsjettendr. 2018	Avvik 2018	Avvik i %	Rekneskap 2017
Kultur	2 941 535	2 750 000	191 535	7,0	3 040 442

Avviket skuldast i hovudsak lågare inntekter til Bryggjeslottet.

## Mål 2018 – og evaluering

Kulturkontoret vart utan leiar i 2018 etter at kultursjef gjekk over i stilling som ass. rådmann i des. 2017. Det vart difor ikkje utarbeidd fleire målsettingar for 2018 utover vidareføring av mål som ikkje vart nådd.

### Mål 1

Setje igong arbeidet med ny kulturplan for Modalen kommune.

*Det vart igongsett arbeid med ny kulturplan (som omfattar idrett, friluftsliv og folkehelse) i formannskapet 6. mars 2018.*

### Nye mål for 2019

1. Ferdigstille kulturplanen
2. Vidareutvikle biblioteket
3. Utarbeide årshjul for kultur

### Aktivitetsområde 2018

Modalsdagane gjekk føre seg i byrjinga av juli. Ulike artistar og innslag sørga for ei god oppleving for dei mange som tok del. Synkande oppmøte på Bryggjedansen – til tross for flott vær. I forkant av festivalen hadde biblioteket besøk av forfattar Bjørn Sortland. Han heldt skrivekurs for ungdom. Eit lite, men særslig velluka arrangement (i går kveld, då eg sat saman ein gjeng med jenter i Modalen, som av alle ting, etter skuleslutt, prioriterte å bruka junikvelden til skrivekurs, vart eg mellom oss sagt, pittelitt oppglødd», skrev Sortland etterpå på fb-sida si)

Barna sin dag vart arrangert i februar med mellom anna syverkstad på «loftet» og pynting av muffins. Bergen Varieté stilte med innslag, som hoppeborg, radiostyrte bilar og ansiktsmaling. Oppmøtet var godt og understreka at dette er eit arrangement som etter kvart har blitt ein innarbeidd tradisjon.

I byrjinga av desember vart det halde julemarknad i Bryggjeslottet. Også dette eit arrangement som er godt innarbeidd, godt besøkt og lett å markedsføre.

Veterantreff i byrjinga av september kom Oster og veteranbussar frå MEB og BNR til Mo. Det var god stemning, musikk på kaien og høve til å reise på guida tur med bussen oppover Dalen, og frå Vikanes. Låverbakeriet i Sognafloren var ope i samband med arrangementet.

Den kulturelle skulesekken arrangerte eit felles skule-og barnehagearrangement som fann stad i Samfunnssalen den 26.oktober: «Felabaluba med Askeladden», ei musikalsk vandring gjennom fleire av dei mest kjente norske folkeeventyra, med mellom andre Ramona Sulen og Elisabeth Vannebo.

Turstiprosjektet 2016 er eit samarbeid mellom kulturkontoret, Modalen idrettslag og vellag oppe ved Nygard. For perioden 2016 og ut 2017 har det vore merka og tilrettelagt for turstiar hovudsakleg i dette området. Arbeidet vert utført på dugnad av nemnte lag og org. Arbeidet vart endeleg avslutta i desember 2018.

Bryggjeslottet har mykje aktivitet knytt til bygdekino, svømmebasseng, bowlig og gymsal.

#### Ungdomsklubben

I mars 2017 vart det tilsett miljøarbeidar i 20% stilling med ansvar for fritidsklubb for barn og unge frå 5.-10.klasse. Stillingsinnehavaren har sagt opp stillinga si med verknad frå 01.01.19. Det blir no jobba med å tilsett ein ny miljøarbeidar som kan ivareta fritidsklubben.

#### LAN-party

Primus motor for LAN-party var godt nøgd med støtta frå kommunen og med ei vellukka helg i Bryggjeslottet. Arrangementet har vokst; i 2018 var det om lag 40 påmelde barn/unge.

#### Biblioteket

Biblioteket i Modalen er ein viktig stad for mange av innbyggjarane. Sjølv om besøk og utlån er noko redusert dei siste åra, så ligg biblioteket vårt heilt i noregstoppen. Bibliotekstillinga vart i 2018 i kombinasjon med stillinga som leiar/vertskap for Bryggjeslottet.

Det har vore ulike arrangement som omhandlar forfattarbesøk, barneteater og Den Kulturelle Skulesekken (DKS). I juni hadde me pianisten Frode Skag Storheim på besøk.

Han har tonesett fleire av dikta til Olav Nygard, og heldt ein flott lunsjkonsert på eit nystemt piano i foajeen på Bryggjeslottet.

Type utlån	2017	2016	2018
Bøker barn	950	1395	1278
Bøker vaksne	710	1075	765
Lydbøker barn	40	58	15
Lydbøker vaksne	80	95	75
DVD barn	45	105	44
DVD vaksne	30	71	19
Musikk barn	10	15	
Musikk vaksne	18	20	
Anna	57	57	
Fjernlån	25	39	20
<b>Samla utlån</b>	<b>1965</b>	<b>2 930</b>	<b>2216</b>

Utlånstala på biblioteket gjekk litt opp igjen etter svært låge tal i 2017. Det er framleis slik at det er dei unge (barnehage og skule) og pensjonistane som brukar biblioteket mest. For folk som er i arbeid er ikkje opningstidene gunstige. Tiltak for å nå desse «ikkje-brukarane» burde absolutt bli vurdert; laurdagsope, «meirope» - eller begge delar. Som ein del av samarbeidet mellom Nordhordlandsbiblioteka er dei digitale tenestene til biblioteket i ferd med å bli betre, men dei kan/bør markedsførast betre. Ambisjonane om å ha fleire ulike arrangement på biblioteket har i liten grad blitt realisert, men ein bør ta dei med seg vidare og prøve igjen. Det finst mange gode døme både i nabokommunane og i landet for øvrig, der ein kan hente tips og inspirasjon!

#### Opningstider i biblioteket:

Måndagar: kl. 10.00 – 15.00

Tysdagar: kl. 14.00 – 19.00

Onsdagar: kl. 10.00 – 15.00

Fredagar: kl. 09.00 – 14.00



# Sosialtenesta

## BARNEVERNSTENESTA

Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Noverande avtale vart satt i drift 01.01.12.

Vaksdal kommune rapporterer at det har vore forsøkt å gje bistand til oppstart av konsulasjonsteam i Modalen utan at ein har blitt einig om korleis det skal organiserast.

Barnevernstenesta i Vaksdal har eit eige Tverrfagleg konsulasjonsteam der tilsette i psykiatritenesta i Modalen har blitt invitert til å delta. Talet saker som barnevernet har vore involvert i ligg mellom 0 – 4.

## NAV MODALEN

Modalen ivaretok det statlege ansvaret for arbeids- og velferdsetaten, samt det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte. NAV Modalen følgjer i samarbeid med psykisk helseteneste også opp rusavhengige som treng tiltak. NAV-kontoret er drifta i nært samarbeid med NAV Masfjorden. Det er 60% stillingsressurs ved kontoret.

Mot slutten av 2018 vedtok kommunestyret i Modalen å etablere felles kommunalt NAV-kontor saman med kommunane Fedje, Gulen, Austrheim og Masfjorden. Sistnemnte som vertskommune.

Sosialtenesta har arbeidd etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift. Det er ikkje skissert eigne lokale mål for tenesta.

Det er ikkje rapportert avvik på ivaretaking av kravet til tenestene. På NAV sine målekort scorar kontoret tilfredsstillande.

## Økonomisk sosialhjelp

Talet brukarar som treng hjelp frå sosialtenesta over lengre tid har auka, og fleire av brukarane

kjem attende med tilbakevendande behov for hjelp på grunn av gjeld og ubetalte krav. Desse treng råd og hjelp for å kome ut av ein vanskeleg situasjon.

Nokre tema som påvirkar situasjonen er at AAP-perioden er redusert frå 4 til 3 år, flyktningar som har gått på introduksjonsprogram kan trenge støtte i overgang til ordinært arbeidsliv, auke i talet på aleineforsørgjarar som ikkje har full stilling, samt at delen unge menn med samansatt helsebilete har auka.

## ØKONOMI

Sosialtenesta hadde eit meirforbruk på økonomisk sosialhjelp m.m. i høve budsjett. Samla avvik på sosial og barnevern vart kr. 202 000,- utover tildelt budsjettrammme.

	Rekneskap 2018	Budsjett(end) 2018	Avvik	Avvik i %	Rekneskap 2017
Sosial og barnevern	1 176 161	980 000	196 161	20,0 %	999 362

## SKJENKESAKER

Det er to salsløyve og eit skjenkeløyve for alkohol i kommunen. Kommunen har avtale med innleigd kontrollør som ivaretok skjenkekontrollen. Modalen kommune mottek årleg rapport. Det er ikkje rapportert om avvik på kontroll av sals- og skjenkestadene i 2018.

## Pleie- og omsorgstenesta



### ØKONOMI

	Rekneskap 2018	Buds(end) 2018	Avvik	Avvik i %	Rekneskap 2017
Pleie og omsorg	16 884 667	15 850 000	1 034 667	6,5 %	15 247 367

Meirforbruk i 2018 kjem i hovudsak av redusert refusjon frå staten i høve ressurskrevjande brukar. Det har og vore behov for å nytta privat vikarbyrå for å dekke ei forsvarleg drift på institusjon og heimeteneneste.

### TENESTER OG OPPGÅVER

Ved Modalstunet vert det gjeve teneste innan pleie- og omsorg etter søknad.

Det har ikkje vore etterspurnad etter leigepllassar frå andre kommunar i år. Frå mai har Modalen kommune disponert 5 - 8 plassar til eigne innbyggjarar inklusiv korttidsopphald og avlastning.

Det har vore 28 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet i 2018. Dette er 11 meir enn i 2017. Det er eit resultat av meir avlastning og korttidsopphald av eigne innbyggjarar. Det har vore 30 utskrivingar, av desse to dødsfall.

Dagtilbodet til heimebuande med demens og eldre i kommunen vart starta i 2013, og er vidareført med tilbod ein dag i veka til 12 deltarar. Tilboden som er eit folkehelsearbeid er helsefremjande for eldre som bur heime. Sosialt samvær og deltaking i aktivitet tilpassa den einskilde, er med på å gje god livskvalitet og bidreg til at ein kan bu lenger i eigen heim. Helsedirektoratet har innvilga tilskot til tilboden.

Vi har fokus på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Samstundes vurderer me tiltak som kan redusera utgiftene, men likevel gje ei stabil og god drift. Sjukefråværet har vore redusert i år samanlikna med 2017. Det har vore nytta vikarar frå privat vikarbyrå, då det ikkje har vore råd å rekruttera sjukepleiekompetanse ved utlysing av stillingar eller gjennom rammeavtalen. I heimenesta har det og vore avtale med privat byrå for å utøve lovpålagte tenester.

### **Heimehjelp**

Fem brukarar fekk praktisk bistand i 2018. I snitt gjennom heile året utgjorde dette om lag 7 timer pr. veke.

### **Heimesjukepleie**

Sju brukarar har i snitt motteke ca. 15 timer heimesjukepleie pr. veke.

### **Tryggleiksalarmer**

Fem personar har nytta tryggleiksalarm.

### **Matombringing**

Det vert levert varm middag til tre brukarar i heimen nokre dagar i veka.

## **OVERORDNA MÅL FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA**

Gode, brukartilpassa tenester.

God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trond.

Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.

Eit godt miljø der både brukarar og tilsette skal trivast.

Pårørande skal føla seg velkomne, og dei skal kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeider i pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune.

### **Personell**

2018 har vore eit år med ca 5 % lågare sjukefråvær enn i 2017. Kjøp av privat vikarteneste har vore naudsynt gjennom heile året for å kunne drifta eininga. For å møta krav i høve Samhandlingsreforma i eigen kommune, har vi hatt fokus på å behalda og rekruttera kompetent arbeidskraft. To sjukepleiarar har teke vidareutdanning innan kreftsjukepleie. Ein fagarbeidar utdannar seg til sjukepleiar, og er ferdig juni 2019. Ein sjukepleiar har starta på vidareutdanning innan Velferdsteknologi, og er ferdig juni 2019.

Mål for 2018 i høve fokus på sjukefråvær vert arbeidd med kontinuerleg gjennom IA-avtalen. Myndiggjering av tilsette i høve ny organisering er utført, og vert arbeidd med kontinuerleg. Det er innført fagdagar kvar 12 veke for tilsette i tillegg til personalmøter, som ledd i fagutvikling. Tilsette har delteke på pasientsikkerhetsprogrammet gjennom Utviklingssenter for sykehjem og hjemmeteneste i Bergen kommune. Der vart me heidra med beste posterpris. To tilsette har vore til Oslo på pasientsikkerhetskonferansen 2018 og presentert arbeidet i kommunen. Me nyttar programmet dagleg i drifta, og gjer til at me har stort fokus på pasientsikkerheit.

Velferdsteknologi (jmfr Omsorgsplan 2020) har 15 tilsette bestått programmet Velferdsteknologiens ABC i år. I tillegg er det ein sjukepleiar som er fagansvarleg og to tilsette som er ressurspersonar i prosjektet i vår kommune.

### **Kjøkken og vaskeri**

Kjøkkenet har fokus på «Mat som medisin» då det er ein samanheng mellom kosthald, ernæring og helse. Ernæringsprosjektet som starta i 2013, er vidareført i 2018.

Vaskeriet tilbyr vask av klede til bebuarar.

### **AKTIVITET**

For våre bebuarar er det daglege aktivitetar, som trim, baking, bingo og bilturar. Me arrangerer sommarfest, markering av eldredagen, julebord og pensjonistlaget kjem to gonger i året.

Sansehagen vert nytta til gode opplevingar for brukarane, ved å la dei ta del i kjente syslar som bærplukking. Sansehagen skapar ei fin ramme for aktivitet og «den gode samtalens», og kan bidra til å gje kvar enkelt gode stunder.

I 2019 vil me satsa på å kunna vidareføra dagtilbodet for heimebuande eldre og rekruttera

nye brukarar.

### **Plan for aktivitetar i 2019:**

Oppgradering av fellesareal.

Implementering av Velferdsteknologi i dei ulike tenestene, først i heimetenesta.

Implementering av Digi Helse i dei ulike tenestene

Implementering av ICNP verkty i tenesta

I samarbeid med fysioterapeut tilby trim og sosialt samvær annakvar torsdag til eldre på Øvre Helland og andre som ynskjer delta. Er eit prøveprosjekt i høve krav om aktivitet til heimebuande eldre i kommunane, som eit førebyggjande tiltak.

Få til samarbeid med skulen om bakedagar i løpet av året.

Få til samarbeid med barnehagen i løpet av året.

Bilturar med bebruarane.

Nytte sansehagen til sommar-/jordbærfest.

Arrangere julebord

## **Helsecenteret**

### **TENESTER OG OPPGÅVER**

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsecenteret. Under Modalen helsecenter er følgjande tenester organisert: legekontor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

### **ØKONOMI**

	<b>Rekneskap</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Avvik</b>	<b>Avvik i %</b>	<b>Rekneskap</b>
	<b>2018</b>	<b>2018</b>			<b>2017</b>
Kommunelege	5 183 528	4 935 500	248 028	5,0 %	4 797 167

I 2018 har det blitt noko mindre inntekter på pasientbetaling enn budsjettet. Det har også blitt store ekstra utgifter til kjøp av helsetenester, mellom anna for deltaking i legevakt. Der er mykje overforbruk på kurs, noko av dette er søkt kompensasjon for, og vil då kome på rekneskap for 2019.

### **LEGEKONTOR**

Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommunelekestilling. Vi samarbeider med andre Nordhordlands kommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det var ca. 500-520 personer som har hatt fastlege ved kontoret i 2018. Listetaket er på 600.

## Legekontor – Mål for 2018

Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med:

1. god tilgjengelegheit
2. akseptable ventetider for legetime
3. fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

### Måloppnåing

Vi har hatt god tilgang på legetimar i 2018, og ventetid har ofta vore under 14 dagar. Dette året har det nokre månader vore innleie av vikarlege medan kommuneoverlege har vore i innspurt av doktorgradsarbeid. Frå september 2017 har me hatt eit samarbeid med Masfjorden om ein LIS-stilling (lege i spesialisering). Me har denne i 20%, og kommuneoverlegen går i 80% stilling. LIS-legen blir brukt som vikar ved kurs og anna fråvær, og er ressurs når det gjeld akutt-medisin mm.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og naudsynt helsehjelp til andre som oppheld seg her:

- vanleg timebestilte konsultasjonar
  - timar på dagen for tilstander som krev det
  - akuttmedisinske konsultasjonar og utrykkingar
  - planlagde sjukebesøk til eldre med kroniske eller akutte sjukdomar
- førebyggjande helsearbeid.

## KOMMUNEFYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eit årsverk. Fast tilsett fysioterapeut er i utdanningspermisjon frå august 2018-juni 2020. Det er tilsett vikar for denne i 100 % stilling. Fysiotapeuten heldt til i Helseenteret på Mo, og er to dagar for veka på Modalstunet. Elles har fysiotapeuten ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar. Alle skal kunne få tilbod om tenesta uavhengig av om dei bur heime eller på institusjon. Brukarane sjølv, pårørande/foreldre og samarbeidspartar kan ta kontakt.

### Tenesta omfattar:

Undersøking , funksjonsutgreiing/ vurdering.

Individuell behandling

Gruppentrening.

Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Vere med å setje realistiske mål for habilitering/rehabilitering saman med brukar, pårørande og samarbeidspartar. Vere med å utarbeide individuelle planar.

Råd og rettleiing for å betre eller bevare funksjon og førebyggje sjukdom og skade

Trening med sikte på at brukaren skal klare viktige daglege funksjonar

Førebyggjande helsearbeid og opplæring

Utprovning, søknad om og oppfølging i bruk av tekniske hjelpemiddel for å bevare eller betre

funksjon.

Rettleiing ved tilpassing av bustad etter funksjonstap

### **Kommunefysioterapeut – Mål for 2018**

1. Ha ei fagleg god utøving av ansvarsområda som ligg i stillinga
2. Revidering av rehabiliteringsplan etter nye forskrifter og få den godkjend
3. Fornya prosedyrar for samarbeid mellom dei ulike faggruppene og institusjonane i kommunen.
4. Fokus på førebyggjande tilbod
5. Styrka arbeidet med koordinerande eining

### **Måloppnåing**

Fysioterapeuten har vore tilgjengeleg for timebestilling av både barn, vaksne og eldre gjennom heile året. To dagar for veka bruker han deler av dagen på Modalstunet.

Rehabiliteringsplanen har ikkje blitt revidert siste året.

Har til tider brukt veldig mykje tid på søking, reparasjonar og oppfølging av hjelpemidlar.

Har ikkje fått arbeidd vidare med samarbeid mellom dei ulike faggruppene, men me kan dela fagleg info på personalmøter.

Plan er å utvikla koordinerande eining og førebyggjande arbeid vidare.

### **HELSESTASJON**

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år.

Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge. I 2018 har me kjøpt teneste hjå Masfjorden kommune for å dekkje helsesøster i kommunen. Ei av helsesøstrene tilsett i Masfjorden kommune har vore hjå oss i 30% stilling. Helsesøster er i Modalen fysisk kvar torsdag og er elles tilgjengeleg på mobil og e- post for brukarane frå Modalen

Helsesøster har ansvar for helgestasjon og skulehelsetenesta. Det er lege fast tilgjengeleg ved seks vekers, seks månaders, eit-års og to- års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking.

Helgestasjonen er lokalisert i helseenteret på Mo og har i 2018 hatt ope 1 per veke, kvar torsdag.

Helsestasjonen har gitt tilbod om at foreldre med dei minste barna får komme på helsestasjonen kvar månad første leveår og seinare ved 15, 18 månad og til 2 og 4 års kontrollar.  
Oppfølging av barn med spesielle behov oftare.

### **Helsestasjon – Mål for 2018**

**Gjeremåla ved helsestasjonen tar utgangspunkt i anbefalingane i «Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten»:**

1. Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging med utgangspunkt i Nasjonale retningslinjer
2. Heimebesök/oppsokjande verksemd
3. Samarbeid med skule om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar.
4. Samarbeid om habilitering av barn og ungdom med særskilde behov, deriblant kronisk sjuke og funksjonshemma
5. Informasjon og tilbod om barnevaksinasjonsprogrammet

### **Måloppnåing**

Rammeverket for tenesta er følgt, og måla for tenesta er i hovudsak nådd. Alle born har fått gjennomført konsultasjonane som er anbefalt på helsestasjonen og i skulen. Både på helsestasjonen og i skulen har alle elevar (med føresette) fått tilbod om dei vaksinane som er i barnevaksinasjonsprogrammet.

Helsesøster har vore inne på aktuelle trinn i grunnskulen. Utover individuelle samtalar og vaksinasjon, har helsesøster vore tilgjengeleg på skulen og deltatt i noko undervisning. Helsesøster er og med på oppfølgingsmøter rundt enkeltbarn, samarbeid og ansvarsgruppemøter.

Ein har organisert tenesta slik at halve dagen er helsesøster på helsestasjonen og halve dagen er ein tilgjengeleg på skulen.

Helsesøster samarbeider tett med lege, psykiatrisk , sjukepleiar, skule, barnehage, fysioterapeut, PPT og andre ved behov.

## PSYKISK HELSETENESTE

Lokalt psykisk helsearbeid skal bidra til fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å fremje meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddelproblem eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlasting. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune har og ansvar for tenester til menneske med psykisk utviklingshemming.

Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Det er tilsett personale med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i 2 årsverk. Det er i tillegg tilsett kommunepsykolog i 10 % stilling. Denne stillinga har vore vakant etter 01.05.2018. Psykologstillinga er eit samarbeid med Masfjorden og Gulen kommune. Ca. 10 % stillingsressurs har vore brukt til personale som gjev individuell jobbstøtte.

### Mål

1. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskeltilbod. Dette betyr at pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.
2. Kommunen skal utgreia, førebyggja og behandla lette psykiske lidingar.
3. Kommunen skal ha oversikt over den psykiske folkehelsa.
4. Kommunen skal førebyggja psykisk sjukdom.

### Måloppnåing

Psykisk helse er eit etablert lågterskeltilbod til ungdom i grunnskule og vidaregåande skule, gjennom tett samarbeid med skule og foreldre. Det er nær kontakt mellom fastlege og den psykiske helsetenesta slik at pasientar hjå legen får informasjon og tips om korleis det kan etablerast kontakt med psykiatrisk sjukepleiar.

I overkant av 20 personar, born, vaksne og eldre, nyttar seg av jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i Modalen kommune.

Det psykiske helsearbeidet i Modalen har i 2018 omfatta:

- støtte til elevar i vidaregåande opplæring
- støtte til unge som har droppa ut av skule og arbeidsliv
- samarbeid med Nav, PPT, OT-tenesta
- å vere tilstade i skolemiljøet på Mo skule, uformell kontakt med elevane

- samtalar med elevar i grunnskulen, foreldra og andre ressurspersonar rundt desse
- tildeling og oppfølging av støttekontaktar
- utarbeidning og koordinering av individuell plan
- støtte til vaksne som treng det
- oppfølging i samarbeid med spesialisthelsetenesta ved alvorlege, langvarige problem/lidingar
- koordinering av "Støtteteam ved kriser"
- deltaking ved samarbeidsprosjektet Ungdomskontakten Salto i Knarvik
- aktiv deltaking i kommunalt oppvekst-team

## MO SKULE



### TENESTER OG OPPGÅVER

#### Grunnskule

Skuleåret 2018/19 starta 72 elevar opp på Mo skule, dette er ein nedgang på 2 elevar frå førre skuleår. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i sju klassar/grupper dette året. 7 elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp 4 nye førsteklassingar ved skulen hausten 2017. Det er 20 tilsette ved Mo skule. Desse arbeidde til saman i 16 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule og leiing.

Skulen si verksemd er regulert av Opplæringslova med forskrifter. Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for «Kvalitetsvurdering av verksemd etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule». Systemet er utarbeidd for at mellom anna skuleeigar og myndigkeit kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte ved Mo skule.

Mo skule skal utarbeida ein årleg tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø.

### **Modalen Skulefritidsordning, SFO**

Vedtekten for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:

*«Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassetrinn (1.- 7. klassetrinn for barn med funksjonshemmingar). Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn.*

*Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.»*

Hausten 2018 var det 16 born påmeldt i Modalen SFO. Opningstida til SFO er 07.30 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søker og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule har frå hausten 2014 tilbydd gratis leksehjelp for alle elevar.

### **Modalen Kulturskule**

Modalen Kulturskule tilsette pedagog i undervisning av enkeltelevar i musikk i 20% stilling frå 1.august. I tillegg vert det arrangert kurs i musikkteknologi hausten 2018. 8 elevar mottekk opplæring i instrument/song og 7 elevar deltok på kurs i musikkteknologi.

### **Vaksenopplæring**

Modalen kommune har ansvar for opplæring i norsk og samfunnsfag for flyktningar. Kommunen har dette året kjøpt tenester frå Masfjorden kommune på dette området.

### **ØKONOMI**

	Rekneskap	Budsj(end)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
	2018	2018			2017
Skule	11 141 741	11 100 000	41 741	0,37 %	10 285 414

Mo skule har i 2018 greidd å halde budsjettet godt, men har eit lite meirforbruk på kr 41 741, noko som utgjer 0,37 % av årsbudsjettet.

### **MÅL**

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemnd finn ein i Opplæringslova med forskrifter ([www.udir.no](http://www.udir.no)). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med «Kunnskapsløftet» (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemnd.

Mo skule utarbeidar ein «Handlingsplan for Mo skule 2018/19». Internt ved skulen er det eit mål at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis

vert meir synleg. Måla i handlingsplanen skal evaluerast to gonger i året. Handlingsplanen er eit verkty for ein organisasjon som lærer og er i utvikling.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2018. Mo skule bruker resultata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultata på Mo skule syner at elevane sine prestasjoner ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultata med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultata frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Satsingsområda for skuleåret 2018/19 er i stor grad vidareført frå førre skuleår. Skulen arbeider for at trivselen hjå elevane skal vera høg. Elevundersøkinga viser positive resultat og utvikling med omsyn til trivsel på skulen. Skulen har eigen sosiallærar og spesialpedagogisk rettleiar. Det vert mellom anna arrangert «vennedag», og skulen deltek på nasjonal veke mot digital mobbing. Prosjektet «Psykisk helse i skulen» vert gjennomført i alle klassane på ungdomssteget kvart år i samarbeid med helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar. Heile skulen arbeider med element frå «Dei utrulege åra». Hausten 2017 starta Mo skule opp arbeidet med det sosialpedagogiske programmet PALS (positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling). Dette arbeidet held fram inneverande skuleår.

Mo skule har nytta seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». Ein av pedagogane studerte 2018/19 engelsk ved HIB. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha minst ein tilsett under vidareutdanning.

Sjukefråværet ved Mo skule var samla sett lågare enn det førre året. Mo skule har fokus på trivsel og relasjonsbygging. Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette der ein mellom anna fokuserer på arbeidsmiljøet.

## AKTIVITET

Mo skule har ei tid hatt fokus på tverrfagleg arbeid på tvers av aldersgruppene. Det har vore arrangert fagdagar innan fleire fag med bra læringsutbyte. Desse dagane løyser vi opp timeplanen og elevane arbeider i grupper med ulike tema. Fellesskap og samhandling er i fokus desse dagane.

Den tradisjonelle lysmessa vart gjennomført også dette året. Elevane har ansvar for det meste av innhaldet i denne lysmessa. Mo skule er svært nøgde med samarbeidet med «Den kulturelle skulesekken», Rikskonsertane og kulturkontoret i Modalen kommune. Desse medverkar til at elevane får eit rikt og variert tilfang av kulturopplevingar gjennom året.

## Modalen Barnehage



Modalen barnehage er ein 3-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-2 år, 3-4 år og 5-6 år. Barnehagen si opningstid er frå kl. 07.00-16.30. Foreldra kan velja mellom tre- eller fem dagars tilbod. Styrar er ansvarleg for rammeområdet. Me har tre pedagogiske leiarar som kvar leier si avdeling.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nyttja plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Våren 2019 er det 32 born/42 plassar i barnehagen, der 11 av borna kjem frå andre kommunar. Bemanningsvert justert i høve barnetal og bemanningsnorm. Bemanningsnorma i Modalen barnehage er sett til 1 vaksen pr. 6 born.

Barnetal:	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)	28(8)	28(12)	32(11)

(Tala i parentes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.)

## Evaluering av mål 2018

Dette barnehageåret har satsingsområda vore implementering av den reviderte Rammeplanen og UDIR sitt kompetansehevingsporogram Språkløyper.

- **Arbeid med implementering av den reviderte rammeplanen.**

Me har arbeidd vidare med implementering av rammeplanen. Me har arbeidd med kapittela formålet med og innhaldet i barnehagen, barns medverknad og samarbeid mellom heimen og barnehagen. Ved å jobba med implementering av rammeplanen sikrar me oss lik forståing av innhaldet. Målet er å sikra at kvaliteten me gjev i barnehagen samsvarar med det lova krev av oss.

- **Språkløyper**

Barnehagen har arbeidd med del to i Språkløyper, utvikla av lese- og skrivesenteret.

Språkløyper inneheld kompetanseutviklingspakkar for dei tilsette, med ulike aktivitetar og temaer som er sentralt for språkutviklinga. Alle tilsette samlast ein gang i månaden gjennom heile året. Ein går igjennom ein ny modul i kompetanseutviklingspakken kvar gang. Mellom kvar samling arbeider ein med oppgåver saman med barna.

- **Brukundersøkinga i november 2018**

Det er to år sidan sist brukundersøking, november 2016. Undersøkinga vart gjennomført for å finne ut korleis brukartilfredsheata er, og om det er noko me bør endre på. Resultatene frå undersøkinga viser gode tal og høg brukartilfredsheit, 5 er beste skår. Barnehagen vil nytta undersøkinga til å vurdera og vidareutvikla barnehagetilbodet. Slik ser resultat av undersøkinga 2018 ut:

### Foreldreundersøkelsen

	Modalen kommune (2018)
Ute- og innemiljø	4,4
Relasjon mellom barn og voksen	4,4
Barnets trivsel	4,8
Informasjon	4,5
Barnets utvikling	4,7
Medvirkning	4,3
Henting og levering	4,4
Tilvenning og skolestart	4,6
Tilfredshet	4,8
Samisk bok	-

## Mål 2019

Me arbeider for å oppretthalda god kvalitet på tilbodet. Me set oss nye mål og arbeider for å heve kompetansen i personalgruppa, slik at me kan driva eit kvalitativt godt tilbod.

- **Arbeid med implementering av den reviderte rammeplanen.**

Å jobba med implementering av rammeplanen i heile personalgruppa, sikrar me oss lik forståing av innhaldet. Målet er å sikra at kvaliteten me gjev i barnehagen samsvarar med det lova krev av oss. Dette året er det siste del av rammeplanen me skal jobba med og det er kapittela om overganger, barnehagen som pedagogisk verksemd, arbeidsmåtane til barnehagen og fagområda me skal arbeide med. I samband med arbeidet med fagområda til barnehagen skal me og revidere progresjonsplanane våre.

- **Språkløyper**

Barnehagen har arbeidd med del ein i Språkløyper, utvikla av lese- og skrivesenteret. Språkløyper inneheld kompetanseutviklingspakkar for dei tilsette, med ulike aktivitetar og temaer som er sentralt for språkutviklinga. Alle tilsette samlast ein gang i månaden gjennom heile året. Ein går igjennom ein ny modul i kompetanseutviklingspakken kvar gang. Mellom kvar samling arbeider ein med oppgåver saman med barna. Å arbeide med kompetanseheving i hele personalgruppa gjer at me opparbeidar oss lik forståing av kva som trengs for god kvalitet i barnehagen.

- **Nærversarbeid og ergonomi**

Saman med bedrifthelsetenasta Salutis skal me i barnehagen i år setje fokus på nærversarbeid. Dette er eit ledd i det å arbeide førebyggjande mot høgt sjukefråvær. I barnehagar generelt slit personalet med rygg, nakke og skuldre slitasje, dette ser me i vår barnehage og grunna belastning ein kan oppleve på arbeidsplassen. Ekstra fokus vil me ha på ergonomi og sjå om det er fleire områder me i barnehagen kan driva med tilrettelegging eller setja inn hjelpemiddel for å arbeide førebyggjande.

## TENESTER OG OPPGÅVER

Vi arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage (kr 2 990,-). Ein tredagars plass kostar kr 1 871,- og ein fem dagars plass kostar kr 2 380,-. I tillegg kjem pris for kost på kr 188,-, og kr 310,-. Dette inkluderer tre daglege måltid og frukt. Barn busett i Vaksdal kommune nyttar betalingssatsane til heimkommunen.

### **Organisering**

Barnehagen er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistentar / fagarbeidrar etter talet på barn. Vedtekten til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma seks barn pr. vaksen. I barnehagelova og vedtekten er det

fastsett kor mange barn det skal vere pr. pedagogisk leiar. Barnehagen har samarbeid med SFO i feriar. Om sommaren er veke 29 stengt.

## Mål

Visjonen til barnehagen er «Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus». Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. Me nyttar oss av arbeidsmåtane «Mange intelligensar (MI)» og Dei utrolige åra (DUÅ). MI bygger på ein teori om at menneske er født med åtte intelligensar og at barn nyttar alle på ein naturleg måte, noko som gjer dei dyktige i å læra. Alle intelligensane heng saman. Det gjeld å arbeida vidare med det barn meistrar. Slik vert barna betre på det som dei ikkje meistrar så godt.

Den andre arbeidsmåten DUÅ er godt forankra i det daglege arbeidet og i temavala i løpet av året. Metoden bidreg til å fremja sosial og emosjonell kompetanse hjå barn, og til å førebygge barns åtferdsproblem. I tillegg fylgjer me dei nasjonale satsingsområda for kvalitetsheving og arbeider med å styrke den pedagogiske leiinga og arbeid med språk.

## Dette året har:

- Alle tilsette har fått tilbod om medarbeidarsamtalar.
- Ein har gjennomført brukarundersøking
- Ein har gjennomført vernerunde
- Ein tilsett var ferdigutdanna barnehagelærar.
- Me arbeidd vidare med kvalitetsheving i språk til alle tilsette gjennom Språkløyper
- Ressursteam ein gang pr. månad. Dette er eit samarbeid mellom tilsette frå PPT, styrar og dei pedagogiske leiarane. Me har stort utbyte av dette teamet, og kan på denne måten setja inn tiltak tidleg for born som treng det.

## ØKONOMI

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik	Avvik i %	Rekneskap 2017
Barnehage	4 248 007	4 580 000	- 331 993	-7,2 %	4 226 881

Me driftar barnehageplassar for nabokommunane Vaksdal og Lindås. Årsaka til avviket er meirinntekt for nye barn frå nabokommunen som gav høgare inntekter i form av refusjon.

## AKTIVITET

### Barnetal

	Vår 2018	Haust 2018
Barnetal	29	26
Tal plassar	38	33
Barnetal frå andre kommunar	9	11

For å byggja gode relasjonar og sikra ein god overgang for førskulebarna har me jamlege besøk mellom skulen og barnehagen. Barnehagen besøker og Bryggjeslottet med basseng, gymnastikksal og bibliotek.

## FORELDRESAMARBEID

Vi har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om to foreldresamtalar og tilbod om å delta på to foreldremøte, hausten og våren. Det er valt ein foreldrerepresentant som er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.

## FRAMTID

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Slik vil vi alltid ha nye mål og søker etter ny kunnskap. Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling. Vi legg stor vekt på å følgja borna sine interesser og ser til at barns medverknad vert følgt opp.



# Teknisk etat

## TENESTER OG OPPGÅVER

Teknisk sjef har leiaransvar for teknisk etat. Under teknisk etat er følgjande tenester organisert:

Landbruk, vaktmeistertenesta, reinhald og administrasjon.

Når det gjeld brann er kommunen en del av Nordhordland brann og redning (NHBR).

På teknisk etat er det samla 11,9 årsverk. Tilsette på teknisk etat: 8 tilsette på reinhald, 6 tilsette på uteseksjonen, 2 tilsette på landbruk/skogbruk og 2 tilsette på administrasjonen.

Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avlaup
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggjesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved ulykke eller vasskade

## Overordna mål

- trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.
- Yta god service til publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd
- Arbeida for å betra kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg
- Gjennomføra tiltaka i økonomiplanen .

## Mål for 2018:

1. Vidareføre skisseprosjektet for nytt «Nærings – og tenestesenter på Mo»
2. Halde fram med regulering av nytt bustadfelt.
3. Oppstart – oppgradering av brannstasjonen på Mo.

## Måloppnåing

1. **Vidareføre skisseprosjektet for nytt «Nærings – og tenestesenter på Mo»**  
-Gjennomført.  
Kommunestyret vedtok 14.06.2018 bygging av nytt nærings- og tenestesenter, jamfør sak 031 / 2018. Realisering av Modalen nærings- og tenestesenter er eit strategisk grep for å utvikle nye arbeidsplassar og styrke næringslivet i kommunen,

i samsvar med Strategisk Næringsplan for Modalen og Kommuneplan for Modalen 2015 – 2026. Prosjektet er no under arbeid og i følgje førebels framdriftsplan kan Modalen nærings- og tenestesenter vere klar for innflytting i 2021.

## **2. Halde fram med regulering av nytt bustadfelt.**

Kommunestyret vedtok 26.04.2018. å sette i gang regulering på Kleivane, på område allereie avsatt til boligområde, jamfør sak 017/2018. Detaljane i dette arbeidet er enno ikkje iverksatt.

På Nedre Helland bustadområde er det tre kommunale tomter att. I same område er det og regulert eit bustadområde som er eigd av privat grunneigar. Området er ikkje utbygd. Det er komen inspel til kommunen med ynskje om å kjøpe tomt i dette bustadområdet. Det ligg føre ein godkjent reguleringsplan.

Kommunen er i dialog med grunneigar om å kjøpe området. Det er regulert 6 bustadtomter. Infrastrukturen er lett å opparbeide i høve terrenget. Prosjektet er under arbeid og er avhengig av politisk vedtak.

## **3. Oppstart – oppgradering av brannstasjonen på Mo.**

Haust 2017 starta arbeidet med kartlegging og planlegging av ny stasjon i Modalen. Dette grunna krav frå Arbeidstilsynets aksjon «Rein brannmann». Dette arbeidet fortsette i 2018 der ein, saman med arkitekt, utarbeida skisse med forslag til planløysing for oppgradering av Modalen brannstasjon. Avhengig av politisk vedtak, vil prosjektet i følgje førebels framdriftsplan vere klar for innflytting i 2020.

## **ØKONOMI**

	Regnskap 2018	Buds(end) 2018	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2017
Teknisk	11 843 237	11 480 000	363 237	3,2 %	12 618 797

Rekneskapen for 2018 syner eit meirforbruk på kr 363 237.

**Det har vore eit overforbruk i forhold til budsjettet under ansvar: 3000 Kommunalsjef tekniske tenester, plan og miljø.**

- Totalt utgjer dette om lag kr 240 000. Overforbruket er mellom anna knytt til auka brøytekostnadene, auka tømming av slamavskillarar og septiktankar. Husleigeinntektene er noko redusert, då me har ledige bustader. Pågangen for å leige bustad er ikkje så stor for tida.

**Det har vore eit lite overforbruk i forhold til budsjettet under ansvar: 3100 Brann.**

- Totalt utgjer om lag kr 30 000. Overforbruket er mellom anna knytt til auka aktivitet innan brann.

**Det har vore eit overforbruk i forhold til budsjettet under ansvar: 3200 Reinhald.**

- Totalt utgjer dette om lag kr 90 000. Overforbruket er mellom anna knytt til auka behov for sjukevikarar og ekstrahjelp til utvask av bustadar som er oppgradert. Det har også vore auka behov for innkjøp av forbruksvarar/ materiell til reinhald.

## **Byggjesaker**

I 2018 vart det handsama 2 eitt trinnssøknader.

Det er ei ledig kommunal tomt på Mo, to på Helland og ei på Øvre Helland.

## **Kart, matrikkel og skråfoto**

Det vart handsama 2 fådelingssaker i 2018.

## **Investeringar**

### **Oppgradering fellesarealet Modalstunet**

Det har vore behov for oppgradering av fellesstova og arbeidsstova. Nye møblar, gardiner, maling og utbetring av vindauge, dører, vegger og tak, oppretting av skeive golv, nytt belegg, belysning, fjerning av vegg til eine stova, foldevegg. Prosjeketet har ei kostnadsramme på kr 1 700 000,- . Prosjeket starta opp i slutten på 2018 og vil stå ferdig våren 2019.

### **Takheisar til tre rom på Modalstunet**

Takheisar til Modalstunet er kjøpt inn og gjennomført.

### **Avsetjing til service – og tenestesenter på Mo**

Kommunestyret i Modalen kommune har vedteke i sak 45 i 2014 å utarbeide eit skisseprosjekt for «Modalen nærings- og tenestesenter» i Mo sentrum.

Etter ein åpen anbodskonkurranse i 2015 inngjekk Modalen kommune kontrakt med HRTB Arkitekter om prosjektering av nærings -og tenestesenteret. I november 2015 vart skisseprosjektet presentert for Kommunestyret.

I august 2017 vart HRTB Arkitekter engasjert til å utarbeide eit revidert skisseprosjekt basera på eit justert rom- og funksjonsprogram. Kommunestyret fekk presentert revidert skisseprosjekt i desember 2017. Deretter vart HRTB Arkitekter engasjert til å revidere framlagt skisseprosjekt med sikte på å redusere areal og kostnadar.

I januar 2018 låg det føre eit reviderte skisseprosjektet saman med justert rom- og funksjonsprogram, justerte arealoversiktar basera på skisseprosjekt-teikningar og justert kostnadsestimat utarbeidd av Bygganalyse AS.

Kommunestyret vedtok 14.06.2018 bygging av nytt nærings- og tenestesenter, jamfør sak 031/2018. Kommunen ynskjer å vidareføre samarbeider med HRTB Arkitekter innanfor dei rammene som konkurransen i 2015 mogeleggjer.

I løpet av oktober 2018 blei forhold som er avgjerande for at prosjektet skal gjennomførast på ein god måte i samsvar med kommunens ambisjonar og forventningar identifisert og samanfatta i eit arbeidsnotat. Endeleg utgåve av notatet er datert 12.11.2018. Notatet gjer greie for aktuelle oppgåver, status og ansvarsfordeling. I denne samanheng fungerer HRTB Arkitekter som kommunens rådgjevar.

Modalen kommune tek sikte på å gjennomføre byggeprosjektet som ei totalentreprise med samspelfase etter at entreprenør er vald. Prosjeketet er no under arbeid og i følgje førebels framdriftsplan kan Modalen nærings- og tenestesenter vere klar for innflytting i 2021.

## **Oppgradering av kommunale bustader**

Kommunale bustader oppgraderast etter behov ved skifte av leigetakar. Balane 33 og omsorgsbustad - Balane 21 , blei pussa opp innvendig av vaktmeistrane. Det har vore vasslekasje i Mo 32. Bustaden fekk då ei innvendig oppgradering. Balane 29 -35 blei malt utvendig. Det har vore behov for oppgradering av det elektriske på fleire kommunale bustader.

## **Asfaltering av kommunale vegar og plassar**

Det har vore beov for asvaltering frå innkjøring til gnr.78. bnr.3. på Helland og fram til kraftstasjonen. Asvaltering er gjennomført. Dei kommunale vegane vart kosta og sandfang tømt. Det vart også kantklypt langs vegane.

## **Nytt Kjøkken i barnehagen**

Barnehagen har fått nytt kjøkken. Det gamle kjøkkenet hadde stor slitasje. Kjøkkenet er i bruk kvar dag når barnehagen er open.

## **Diverse investeringar innan vatn og avlaup**

Vatn og avløpsanlegga i Modalen kommune treng kontinuerlig oppgradering.

Det har vore tilrettelegging av VA i samband med bygging av ny bustad på Helland.

Eit uføresett VA brot på Kleivane måtte oppgraderast hausten 2018.

Vassprøvane som er tekne i kommunen 2018, syner god kvalitet på vatnet frå alle vassverka.

## **Flytting av VA leidning Otterstad**

Det vart satt av kr 700 000 til flytting av VA leidning på Otterstad. Desse midlane vart ikkje brukt i 2018, då saka var uavklart. Konklusjonen vart slik at kommunen ikkje trøng flytta VA leidning på Otterstad.

## **Tilrettelegging for bustadareal, tomtekjøp, opparbeiding m.m.**

Kommunestyret vedtok 26.04.2018. å sette i gang regulering på Kleivane, på område allereie avsatt til boligområde, jamfør sak 017/2018. Detaljane i dette arbeidet er enno ikkje iverksatt. På Nedre Helland bustadområde er det tre kommunale tomter att.I same område er det og regulert eit bustadområde som er eigd av privat grunneigar. Området er ikkje utbygd. Det er koment inspel til kommunen med ynskje om å kjøpe tomt i dette bustadområdet.Det ligg føre ein godkjent reguleringsplan.

Kommunen er i dialog med grunneigar om å kjøpe området. Det er regulert 6 bustadtomter. Infrastrukturen er lett å opparbeide i høve terrenget.Prosjektet er under arbeid og er avhengig av politisk vedtak.

## **Oppgradering av flytebryggja og auka stikkontakt på Mobryggja.**

I 2018 er det montert nye uttak for straum ved flytebryggja og kai i Mo sentrum. Det er òg sett opp nytt fordelingsskap for straumforsyninga.

## **Oppgradering av brannstasjonen i industribygget**

Haust 2017 starta arbeidet med kartlegging og planlegging av ny stasjon i Modalen. Dette grunna krav frå Arbeidstilsynets aksjon «Rein brannmann». Dette arbeidet fortsette i 2018 der

ein, saman med arkitekt, utarbeida skisse med forslag til planløysing foropp gradering av Modalen brannstasjon. Avhengig av politisk vedtak, vil prosjektet i følgje førebels framdriftsplan vere klar for innflytting i 2020.

### **Digitalisering av eigedomsarkivet på teknisk etat**

Kommunane i Norhordaland hadde ynskje om å delta i prosjektet. Modalen kommune har gjennomført arbeidet. Alt i dette arkivet blei sendt til firma som scanna dokumenta til ein database. Kommunen kan i ettertid slå opp for å finna gamle dokument.

### **Nytt ventilasjonsanlegg i bustad på Kleivane**

Ventilasjonsanlegget Kleivane 19 – 23 var defekt. Bustaden har nå fått nytt ventilasjonsanlegg. Prosjektet er gjennomført etter planen.

### **Kommunal bustad, Kleivane 20**

Bustaden vart lagt ut for sal og vart ikkje solgt i 2018.

### **Brann**

#### **LMMBR:**

Modalen Brannvern vart ein del av Lindås og Meland Brannvern frå 01.05.2017.

Brannvernet er leia av brannsjef Karl Johannes Romarheim. Etter fleire år med tett samarbeid slo Modalen brannvern og Lindås og Meland brann og redning seg saman til eit felles brannvern, kalla Lindås, Meland og Modalen brann og redning (LMMBR). Samanslåinga skjedd 1 mai 2017. Brannsamarbeidet har felles administrasjonen lokalisert ved hovudstasjonen i Knarvik.

I 2018 har fokuset vært etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR). Målet var ein felles brannordning mellom kommunane Modalen, Lindås, Meland, Radøy og Austrheim der Lindås kommune er vertskommune. Arbeidet med ny brannordning for vart ferdigstilt mai 2018. Modalen vedtok deltaking i samarbeidet i kommunestyret juni 2018. Vedtatt oppstart NHBR 01.01.19.

Hausten 2018 gjennomførte ein tilsetjingar i tråd med organisasjonskart vedtatt i brannordninga for NHBR. Prosjektgruppa nådde målet med oppstart for NHBR 01.01.19.

Haust 2017 starta arbeidet med kartlegging og planlegging av ny stasjon i Modalen. Dette grunna krav frå Arbeidstilsynets aksjon «Rein brannmann». Dette arbeidet fortsette i 2018 der ein, saman med arkitekt, utarbeida skisse med forslag til planløysing foropp gradering av Modalen brannstasjon.

I løpet av 2018 har mannskapen øvd etter fastlagt øvingsplan som er basert på lokal ROS. Alle mannskaper skal øva 40 timer pr. år og øvingane skal innehalda oppgåver/ferdigheter

som ein trenger ved aksjonar. Øvingane blir laga og organisert av dagtidspersonell frå Knarvik stasjon.

Hovudfokus 2018 var auka kompetanse på overflatedredning. I tillegg har ein hatt stort fokus på hjarte/lungeredning og førstehjelp (td e-læringskurs – akutthjelpar). Ein har også hatt fleire øvingar med fokus på bruk av pumper og utstyr.

Antall oppdrag 2018 var 18 stk. der 12 av oppdraga var helseoppdrag (first responder). Dette er ein auke frå 12 oppdrag i 2017. Mannskapa hadde ein større aksjon med brann i bustad. Dette var i Eksingedalen og bistand til Vaksdal kommune. Dette oppdraget løyste mannskapa på ein god måte og hindra, med sin innsats, at fleire bygningar gikk tapt.

Ein ser også i 2018 ein auke i helse relaterte oppdrag. Følgjer Modalen utviklingstrekk lik andre distriktskommunar vil ein i framtida sjå enda ei auke av denne type oppdrag. I tillegg er resursar frå Modalen ofte først framme ved aksjoner mot Romarheim – Eikefet. I framtida vil resursar frå Modalen oftere bli utalarmert ved hendingar i den retninga. Ein vil sannsynlegvis få ein auke i hendingar også i 2019.

### Øvingsplan 2018:

Veke 3	E-læringskurs overflatedredning
Veke 6	Gjennomgang av bilar og utstyr
Veke 10	Gjennomgang av bilar og utstyr
Veke 12	Overflatedningskurs
Veke 15	Gjennomgang av bilar og utstyr
Veke 20	Pumpekjøring + klargjering til 17 mai
Veke 24	Frigjering/utrykkingsøving
Veke 34	Kontroll av bilar og utstyr iht lister/Fredrikstad test (fysisk test)
Veke 37	Innføring/opplæring nytt lønnssystem (GAT)
Oktober	E-læringskurs i førstehjelp (MDVPA)
Veke 49	Årsavslutning med alle mannskaper

### Innkjøp:

Utstyr kjøpt inn til mannskaper Modalen	Kvifor
Overflate redning utstyr/ utdanning	iht ROS 2015
Hjartestartar/utstyr (Øvre Helland)	HMT, Ren brannmann (eigen avtale)
Bekledning (rein brannmann)	HMT, Ren brannmann (eigen avtale)
Diverse utstyr til bilar/hall	HMT, Ren brannmann (eigen avtale)

### Kalkstasjon ved Espeneset

Eit kalkingsanlegg basert på kalkslurrydoserar vart ferdigstilt i 2016 ved Espeneset. Prosjektet er finansiert med tilskot frå staten. Kalkingsanlegget skal vere i drift frå

desember til juli.

### **Vaktordning/ utetenesta**

Vaktordninga har fungert bra i 2018. Me har hatt ein del uthyrkingar, som igjen syner at det er behov for denne vaktordninga i kommunen.

### **Sommarjobb**

23 ungdommar frå Modalen i alderen 15 – 23 år har hatt sommarjobb i kommunen i 2018. Dei har tilbod om 3 veker. Arbeidet er fordelt på Bryggjeslottet, Modalstunet , Modalen barnehagen og teknisk uteseksjon. Tilbodet gjeld for ungdom som har gjennomført 10.klasse i Modalen.

### **Reinhaldstenesta**

Reinhaldarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds– og bemanningsplanar. Det har vore nedvask på de fleste offentlege bygga i kommunen. Me har eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester.

### **Landbruk**

I Modalen er det i dag 11 aktive bønder, av desse driv 5 med mjølkeproduksjon, 5 med sauehald og ein driv med førsal. Ein mjøkprodusent har lagt ned drifta i løpet av året. Aktiviteten i landbruket utløysar i overkant av 2,5 millionar kroner i produksjonstilskot og avløysartilskot, og 56 000 gjennom regionalt miljøprogram til aktiv landbruksdrift. Tørkesommaren gjorde at fleire av bøndene fekk betydeleg mindre grasavlingar enn normalt. Ein bonde søkte og fekk avlingsskadeerstatning.

Modalen har sommerstid eit stort tal sauar frå heile regionen på beite, og beitelaga gjer ein god jobb med å organisera dette. Dei har investert i sankegjerder, bruer og radiobjeller. Fleire lokale bønder er med i beitelag. I 2018 vart det oppretta eit nytt beitelag på Otterstad. Kari des Bovier frå Landbruksavdelinga hjå fylkesmannen orienterte om beitelaga sitt arbeid på kommunestyremøte hausten 2018.

I Modalen kommune er det 1943 dekar med jordbruksareal i drift. Det vert produsert om lag 17 tonn med kjøtt og 246 000 liter mjølk i kommunen.

Det har vorte laga ny strategi for bruk av SMIL-midlar (spesielle miljøtiltak i landbruket) og for NMSK (nærings-og miljøtiltak i skogbruket. Dette er tilskotskroner som kommunen deler ut til bønder på vegne av staten.

### **Bondelunsj**

Det har vore arrangert ein Bondelunsj våren 2018, som er ein møteplass mellom bønder og kommunen. Øyvind Vatshelle frå fylkesmannen orienterte om regelverk og praksis knytt til gjødsling og vassdrag. Det vart lagt opp til fagleg prat og god mat. Tema som vart drøfta var mellom anna kva som er viktig for godt samarbeid mellom kommunen og bøndene.

### ***Landbruksplast***

Lanbrukskontoret i samarbeid med Modalen Bondelag arrangerte innsamling av landbruksplast 1 gong i 2018. Dette har vore etterspurd av bøndene i kommunen og er eit positivt bidrag til miljøvenleg avfallshandtering i landbruket.

### ***Inspirasjonskveld***

Kommunen deltek i prosjekt Smaken av Nordhordland som set fokus på å få fleire lokalmatprodusentar, å bygga kunnskap og nettverk mellom dei. I samarbeid med biblioteket var det samling i Sognafloren i oktober og tema var mellom anna lokale produsentar sine erfaringar med å starta opp og orientering frå Bondens marked. Både bygdafolk og produsentar møtttest til ein kjekk kveld. Det vart servert nybakte bollar frå Låvebakeriet og andre gode smaksprøver av pølser og kjøttprodukt frå lokale produsentar.

### ***Skog***

Det i 2018 ikkje avverka skog i Modalen.

### ***Hjorteviltforvaltning***

Dei tre valda i Modalen vart i 2016 ein del av bestandsplanområde Storfjellet.

Bestandsplanområde inkluderer Modalen, deler av Eksingedalen og delar av Voss. Det vart utarbeidd og godkjent ein nye felles bestandsplan for bestandsplanområde.

Bestandsplanområde vert administrert av Vaksdal kommune, då dei har størst teljande areal i bestandsplanområde. Samarbeidet mellom kommunane og bestandsplanområde fungerer godt. Det vart i 2018 felt 91 hjort i Modalen.

### ***Framtid***

**Visjon:** trygg og skapande.

### ***Overordna verdigunnlag:***

- Bærekraftig samfunnsutvikling
- Tryggleik og livskvalitet
- Openheit og samhandling

